



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

**MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELE FELLESRÅD**  
**23.03.2023 kl. 16.00- kl. 18.15 i Møtelokala ved Hjelmeland kyrkjekontor.**

**Til stades:** Terje Thornquist, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Lena Sofie Lundberg, Anne-Tove Ingvaldstad, Kristin Kostøl Helgaland, Sigrid Sigmundstad og Reidunn Ferstad (sekretær)

**Forfall:** Hilde Smith

**Permisjon:** Solgunn L Asprusten

**Møtande varamedlemmar:** Gunhild Austigard,

**SAK 07/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER**

**Vedtak:**

Orienteringane vert godkjente.

**SAK 08/23 ÅRSREKNESKAP 2022. DRIFTSREKNESKAP OG INVESTERINGSREKNESKAP. GODKJENNING**

**Vedtak:**

Årsrekneskapen for Hjelmeland kyrkjelege fellesråd, som består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanse og noter, vert godkjend.

**SAK 09/23 REVISJONSRAPPORTAR 2022**

**Vedtak:**

Revisjonsrapportane vert tekne til orientering.

**SAK 10/23 DISPONERING AV DRIFTSRESULTAT 2022**

**Vedtak:**

Fellesrådet disponerer årsresultatet på kr 552 011:

Til disposisjonsfond vedlikehald: kr 500 000

Til disposisjonsfond drift: kr. 52 011

**SAK 12/23 TILSETJING AV KYRKJEVERJE/DAGLEG LEIAR ( i lukka møte)**

Intervju-gruppa hadde innstilt Mette Katrine Bjørk Ingvaldstad til stillinga som kyrkjeverje/dagleg leiar av Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd.

**Vedtak:**

Mette Ingvaldstad får tilbod om stillinga som kyrkjeverje/dagleg leiar frå og med 1. juni. Lønsumtalet utarbeidar eit tilbod på lønsplassering.

## **SAK 13/23    ANNA**

### **Val 2023:**

Nominasjonskomiteens liste for soknerådsvalet leggst fram 31. mars kl. 12.

Kyrkjevevje sitt forslag til vallokalet er godkjent.

### **Gallerirekkverk i Fister kyrkje:**

**Vedtak:** Det utarbeide forslag til metode for heving av gallerirekkverk er godkjent av Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd. Fellesrådet ynskjer at Fister sokneråd kjem med uttale til saka før søknad om godkjenning sender Biskop og Riksantikvar.

## **INFORMASJON**

### **Trappegelender og rullestolrampe i Hjelmeland kyrkje.**

I Hjelmeland kyrkje har kyrkjevevje saman med Leif Harald Jørmeland sett på utforminga av eit trappegelender opp til koret på venstre side av trappa (ved døypefonten) i same utforming som rekkverket i koret.

Det vert laga flyttbar rullestolrampe til å legge over trappetrinna opp til koret. Rampa vert i same gråfarge som kyrkjeveggene.